



Foto: NOAA 2019 (unsplash) CC0

Budsjett og økonomiplan 2025-2028

Jahn Teigen er død (1949-2020)



Bjørnafjorden kommune


Innleiing	2
Klima og natur - Bjørnafjorden kan betre	3
Økonomiplan 2025-2028	4
Verbalforslag	7
1. Sektorvise klima- og naturrekneskap og -budsjett.....	7
2. Gjenbrukssentral.....	8
3. Klimasmarte kommunale prosjekt.....	8
4. Veglys.....	8

Innleiing

Bjørnafjorden kommune har framleis alvorlege og aukande økonomiske utfordringar. Det er mange, og til dels komplekse, årsaker til dette. Kommunedirektøren foreslår grove kutt i viktige tenester i heile kommunen. Mange av kutta er uakseptable for Miljøpartiet Dei Grøne.

Dei siste åra har kommunen kutta kraftig både i tenesteproduksjon og administrasjon. Det har gått utover kvaliteten på tenestene, og råkar sårbare grupper hardest. Å ha som mål å vera billegast på drift er snevert og kortsiktig, og Bjørnafjorden kommune risikerer å bli eit godt døme på kva det vil seia å spara seg til fant. Mange av kutta kan kanskje gje kortsiktig positiv effekt på økonomien, men på sikt vil dei kunne føra til auka kostnader i andre budsjett.

Bakteppet i verda er også mørkt, med fleire og gruoppvekkande krigar og veksande natur- og klimakrise. I MDG sitt forslag til budsjett for 2019 foreslo vi å leggja inn “Alle vedtak knytt til budsjett, kommuneplanar og større saker legg til grunn målet om å halde den globale oppvarminga under maksimum 1,5 grader.” I november meldte EU si klimaovervakingsteneste at 2024 er det første året der den globale oppvarminga passerer 1,5 grader frå førindustriell tid; eit mål vi helst ikkje skulle passera. Det skjedde lenge før nokon hadde trudd at det skulle kunne skje. Denne utviklinga viser att i ein svært urovekkjande graf i kommunedirektøren sin budsjettforslag:



Grafen er å finna under “Klimabudsjett” i kommunedirektøren sin budsjettframlegg.

Særleg dersom ein ser grafen i samanheng med tiltaka som er foreslått. At dagens barnehageungar skal jobba med haldningar (“Grønt flagg”) hjelper ingenting i 2030. Det er ikkje ungane våre som treng opplæring. Det er

haldningane til foreldre og besteforeldre, og manglande handlekraft som er utfordringa.

I innleiinga si hentar kommunedirektøren styrke frå Jahn Teigen og hans legendariske låt “Optimist”. Men lyset vi skimtar i det fjerne, eigedomsskatten som kunne ha fått oss ut av deler av dette utføret, dét lyset er sløkt i budsjettframlegget. Kommunedirektøren argumenterer med at identiteten til Bjørnafjorden er å ikkje ha eigedomsskatt, men seier samstundes at denne skatten hadde styrka økonomien og kunna reversert mange kutt. Han melder også at han kan bli tvungen til å leggja fram ei sak om eigedomsskatt for kommunestyret i løpet av 2025. Vi klarar ikkje å sjå dette som anna enn dobbelkommunikasjon. Kommunedirektøren kjenner og ønsker eigentleg kuren, men gjev inntrykk av noko anna. For kvart år vi utset eigedomsskatt påfører vi dei svakaste gruppene for stor påkjenning som kan setja dei langt tilbake, og som det blir dyrt for oss som samfunn å bøta på i etterkant.

“Jeg har en tro, jeg har ett mål som jeg skal finne”, syng Teigen. Vi i MDG Bjørnafjorden har funne vårt mål, og det er at Bjørnafjorden skal vera ein kommune som er god å leva i for alle – uansett livsfase. Innbyggjarar som trivst, utviklar seg og blomstrar, gjev i mangfald tilbake. Saman med naturressursar og eit berekraftig økosystem er innbyggjarane den viktigaste kapitalen ein kommune kan ha.

Vi er langt frå mål og Jahn Teigen er død.

Klima og natur - Bjørnafjorden kan betre

Det vil ikkje vera berekraftig å halda fram slik me gjer i dag, skriv kommunedirektøren i innleiinga si. Det gjeld i høgste grad også for natur- og klimakrisa, og vi stiller oss derfor undrande til at kommunedirektøren ikkje tar innover seg alvoret og mobiliserer til handling i denne viktige saka. For det er fullt mogeleg å løfta Bjørnafjorden markant på klima- og naturfeltet. Sjølv i tider med skral kommuneøkonomi. Det handlar om *vilje*. Vi hadde forventa at kommunedirektøren i det minste synleggjorde kva ambisjonar han har for å få klimaarbeidet i eit godt spor.

Kapittelet Klimabudsjett framstår som ei pliktavlevering. Dei ti tiltaka som er lista opp verken forpliktar eller monnar. Det er ikkje talfesta effekt av tiltaka og dei er heller ikkje kopla til kommunens gjeldande klimaplan eller til anna planarbeid som kan gje ein positiv klimaeffekt.

For det siste viser MDG til dømes til det pågåande arbeidet med ein jordvernstrategi for Bjørnafjorden i regi av landbrukskontoret. Vern av natur og landbruksland er også klimatiltak. Det gjeld både når det kjem til opptak og lagring av CO₂ og fordi natur og matjord kan fungera som ein buffer mot flaum, skred og andre hendingar som følgjer av eit varmare, våtare og villare klima.

Arealrekneskapan viser at det i snitt er bygt ned om lag 38 dekar matjord årleg i Bjørnafjorden mellom 2011 og 2023. Ifølge den nasjonale jordvernstrategien har Bjørnafjorden ein «nedbyggingskvote» på fem dekar matjord per år.

Det er med andre ord på overtid å få snudd utviklinga. Samstundes er den lokale jordvernstrategien ein gylden anledning til å levera på nasjonale mål og klimatilpassing. Bjørnafjorden kommune har alt å tena på å sjå arealplanlegging, klimaarbeid og økonomi i samanheng. Kommunen må bruka kunnskapsgrunnlaget som alt ligg der og det som er under utvikling, og synleggjera kva vi har av moglegeheiter. Slik kan kommunedirektøren bidra til *reell* samskaping mellom tenesteområda. Vi legg til grunn at han også tek dette perspektivet med seg i arbeidet med ny arealplan. Med kunnskapsbasert og framtidsretta arealforvaltning kan Bjørnafjorden etter kvart innkassera gode klimagevinstar. Slik blir vi også innovative.

Vi ber kommunedirektøren sjå til Sunnfjord kommune – som på mange vis er samanliknbar med Bjørnafjorden – og deira arbeid med klimabudsjett. Samskaping *over* kommunegrensene er lov og lurt. Sunnfjord har utarbeida eit grundig kunnskaps- og analysegrunnlag til klimabudsjettet, som vert oppdatert og ligg ved økonomiplanen. Kommunen forpliktar seg til å evaluera og revidera tiltakslista, og har langt på veg lukkast med å integrera klimabudsjettet i kommunebudsjettet.

Vi er straks i 2030, og det ser mørkt ut for å klara utsleppsreduksjonen vi som samfunn har sett oss som mål. Det bør bli ein spore til innsats, ikkje ei unnskyldning for å lata vera.

Økonomiplan 2025-2028

Dette dokumentet er ein heilskapleg alternativ økonomiplan som tar utgangspunkt i kommunedirektøren sitt forslag til budsjett- og økonomiplan 2025-2028, med endringar. Det ligg mange kutt og tiltak inne i grunnlaget som Miljøpartiet Dei Grøne ikkje er samde i, men det er umogleg utan høgare detaljgrad på budsjettarbeidet i kommunen å gå i djupna på alt.

Ordet budsjett disiplin kan ikkje løyse utfordringane i kommunen når vi strevar med å levere lovpålagte oppgåver, og det er ikkje mogleg å redusera sjukefråver gjennom politiske vedtak, det har vi sett tydeleg dei siste åra.

Alle tertial- og rekneskapsrapportar har i lang tid vist at kommunen har høgare ambisjonar på kutt i økonomien enn det som er mogleg å gjennomføra. Overordna tek MDG ansvar for å auka inntektene til kommunen. Innføring av eigedomsskatt er ikkje eit mål i seg sjølv, men eit naudsynt verktøy i ein låginntektskommune som Bjørnafjorden. Om det er rom for å stansa opptrappinga eller redusera satsen utover i økonomiplanperioden, vil vi tilrå å justera det etterkvart.

Det tek tid å bygga opp eit godt inntektsgrunnlag med eigedomsskatt, og difor går vi inn for noko meir bruk av premiefondet frå framlegget til kommunedirektøren. Premiefondet blir på denne måten tappa meir dei første tre åra i perioden, men samtidig bygger kommunen opp ein varig driftsbalanse med bruk av eigedomsskatt slik at vi ikkje lenger er avhengige av å bruke eingongspengar frå fond (sparegrisen) til å saldere driftsbudsjetta. Det vil framleis stå att 23,5 millionar på premiefondet etter økonomiplanperioden.

Dette framlegget tar ikkje ut maksimalt potensiale for eigedomsskatt i kommunen. Det er viktig at kommunen får inn nok ekstra inntekter, men ikkje meir enn naudsynt.

I kommunedirektøren sitt framlegg ligg det inne stor nedgang i rammene til dei viktigaste sektorane våre. Frå 2025 til 2028 går oppvekst ned med 35 millionar, helse og velferd med 38 millionar og samfunnsutvikling med 11 millionar. Dette er store og urealistiske kutt på toppen av ei årrekke med kutt som ikkje har vore mogleg å gjennomføre, samstundes som vi har høgare inflasjon enn på lenge.

Dette framlegget aukar rammene til desse sektorane monaleg og sikrar positiv vekst gjennom økonomiplanperioden. Det gjev høve til å unngå vidare kutt og gjeninnføre viktige satsingar som er naudsynt i kommunen.

Dei siste opplysningane om Havbruksfondet tilseier at nytt nivå vil ligge lågare enn det som ligg inne i budsjettframlegget, men staten har auka rammetilskotet for kommunane. Det gjev ei netto auka inntekt som kommunedirektøren ikkje har disponert i sitt framlegg. I ein så anstrengt situasjon som no går vi også inn for å redusera resultatgraden noko. Risikoen med tiltaket er vurdert til å vera låg med omsyn til heilskapen i budsjettet.

Frå vedteken økonomiplan 2024-2027 ligg det inne 10 millionar årleg i utbyte frå Bjørnafjorden Utviklingselskap (BUS). Det vil vera uansvarleg å tappa så mykje pengar frå selskapet no. Difor blir utbyte utsett og redusert i starten av perioden.

	2025	2026	2027	2028
Driftsramme, framlegg kommunedirektør	1 808 966	1 799 444	1 779 546	1 776 712
Justering Havbruksfondet	-6 600	-6 600	-6 600	-6 600
Auka rammetilskot	20 200	20 200	20 200	20 200
Eigedomsskatt	34 000	74 000	105 000	115 000
Endra utbyte frå BUS	-10 000	-5 000	5 000	10 000
Redusert resultatgrad	10 000	10 000	10 000	10 000
Endra bruk av premiefond	7 000	3 000	4 000	0
SUM justert driftsramme	1 863 566	1 894 044	1 917 146	1 925 312

Tabell 1: Endringar i overordna driftsramme

Alle sektorane i kommunen har store utfordringar, og må styrkast. Vi foreslår følgande bruk av den auka ramma, men er open for at det kan omfordelast mellom rammene ved handsaming av tertialrapportane.

	2025	2026	2027	2028
Endringar i ramme				
Oppvekst	24 000	39 000	56 000	62 000
Helse og velferd	30 000	52 000	70 000	71 000
Samfunnsutvikling	3 600	6 600	12 600	15 600
Justerte rammer				
Fellesområde	12 478	45 252	63 710	72 270
Stab	57 084	57 084	57 084	57 084
Oppvekst	922 878	923 688	924 618	925 579
Helse og velferd	782 854	783 912	784 488	785 488
Samfunnsutvikling	81 272	82 108	83 246	84 891
SUM	1 856 566	1 892 044	1 913 146	1 925 312

Tabell 2: Endringar i sektorramme og justerte sektorrammer

Med desse rammene vil kommunen vera rusta for å levere god kvalitet på tenestene til innbyggjarane, og det er mogleg både å unngå nye kutt, reversera utførte kutt og satse på nye og viktige tiltak.

Vi prioriterer eller kvantifiserer ikkje her einskilde tiltak, men vil liste opp nokre døme på viktige tiltak. Vi ber administrasjonen om å prioritere innanfor dei nye rammene og løfte eigna tema til politisk forankring. Det følgande er ikkje ei uttømmmande liste over tema som treng meir ressursar i kommunen.

Det var særst dårleg samfunnsøkonomi å avslutte samarbeidet med Crux. Det var ikkje berre eit viktig tiltak for innbyggjarane, det var også eit økonomisk gunstig tiltak som utløyste monaleg meir pengar til kommunen enn kostnaden på driftsbudsjettet. Kommunen bør sjå om det framleis er mogleg å gjenopprette samarbeidet.

Gjennom ei rekkje saker i lokalavisa er det tydeleg at forslaget om å rasera bibliotektstilbodet er både useriøst og truleg i strid med intensjonene i folkebibliotekslova. Kommunen brukar allereie langt mindre ressursar på biblioteka enn landsgjennomsnittet og kommunar vi kan samanlikne oss med. Vi må satse på slike fellestenester som er uvurderlege for innbyggjarar i alle aldre.

Kommunen må satse meir på born og ungdom. Vi må auke opp igjen kommunepsykologtenesta, vi må tilsetje miljøterapeuter, styrke ungdomsteamet og sjå på særskilde tiltak for dei som har mest fråver. Det er for dårleg at torsdagsgruppa ikkje har fått friske midlar i slutten av økonomiplanperioden når den private sponsinga går tom. Det låg ei sterk og

tydeleg forventning om at kommunen skulle ta tak i dette då gáva vart overlevert.

Det er tydeleg at kommunen ikkje har kompetanse til å arbeida sakleg med natur- og klimakrisene. Vi har lokale, regionale, nasjonale og overnasjonale forpliktingar, og kommunen bør tilsetje naudsynt kompetanse.

Vi meiner også at kommunen treng ei næringsavdeling, i det minste ein næringsssjef, som kan bistå lokalt og regionalt næringsliv med å etablera seg og få god utvikling, også for dei som allereie finst i kommunen. Sjølv om Bjørnafjorden Utviklingssselskap gjer eit imponerande arbeid, kan ikkje kommunen lukke auga for behovet som fell utanfor deira relativt snevre ansvarsområde.

Det er viktig at kommunen set av ressursar til opparbeiding av dei prosjekta der Bergen og Omland Friluftsråd er klare til å ta vedlikehaldsansvar. Gode naturopplevingar er viktige for folkehelsa og ei viktig årsak til at folk vil bu og leve her i kommunen.

Verbalforslag

1. Sektorvise klima- og naturrekneskap og -budsjett

Framlegg til vedtak: Kommunestyret har ei forventning om at administrasjonen følger opp tidlegare vedtak om sektorvise klimarekneskap og budsjett og økonomiplanar skal kvantifisera sektorvise klimabudsjett. Kommunen skal også føre naturrekneskap og konkretisere naturkonsekvensar av kommunens aktivitet i økonomiplanperioden.

Kommunen har over tid ikkje evna å følga opp eigne vedtak og planar om forvaltning av klima og natur. Til dømes bygger kommunen ned langt meir matjord kvart år enn det som ligg i dei nasjonale målsettingane. Det er viktig å etablera at klimagassutslepp og nedbygging av natur er eit rekneskaps- og budsjettansvar som må handsamast integrert med økonomiplanen av økonomiavdelinga. Det manglar ikkje på inspirasjonskjelder, handbøker og hjelp til dette, mange andre kommunar og fylkeskommunar ligg langt framfor i løypa.

2. Gjenbrukssentral

Framlegg til vedtak: Bjørnaffjorden tar kontakt med BIR og eventuelle andre relevante aktører for å sikre at det finst ein tenleg gjenbrukssentral. Kommunen skal ikkje kjøpe nye møblar utan å først sjekke kva som er mogleg å gjenbruke.

Berre i det offentlege blir det kasta 7 000 tonn kontormøblar i året, og truleg er talet langt større. Fleire og fleire kommunar har byrja å kartlegge kva møblar dei har, reparere det som er øydelagt og bruke dei i andre avdelingar. Erfarne kommunar sparar både millionar, tid og ressursar.

<https://www.nrk.no/rogaland/nar-moblane-far-ein-ny-sjanse-1.17118440>

3. Klimasmarte kommunale prosjekt

Framlegg til vedtak: Nye kommunale bygg skal i hovudsak byggast i tre og bygga skal miljøsertifiserast med høg standard, til dømes BREEAM Excellent. Kommunestyret legg til grunn at kommunale byggeprosjekt og rehabilitering skal gjennomføra klimarekneskap med aukande ambisjon utover i økonomiplanperioden på å redusera klimagassutslepp.

4. Veglys

Framlegg til vedtak: Kommunen skal sikre at gatelykter er påslått der born går til og frå skule og fritidsaktiviteter i normal åpningstid, og lys må ikkje vera påslått på dagtid når det er lyst ute.

Ordninga med slukking av gatelys i, spesielt i tettbygde strøk med mykje born har vore særst dårleg innretta. MDG har tatt til orde for å sikre gatelys til born og ungdom både til skulen og heim frå fritidsaktiviteter. Vi har ingen å miste. Kommunen skal avgrense slukking til mellom 00:30 og 06:00, og sikre at lyssensorar fungerer slik at ikkje lyset står på når det er lyst ute, noko kommunen har fått rettmessig kritikk for.

